



TEMAPLAN FRIVILLIGHEIT

Høyringsdokument



1.0 Innleiing.....	2
1.1 Bakgrunn og politisk vedtak.....	2
1.2 Nasjonale og lokale rammer og føringar	4
2.0 Føremål	6
2.1 Organisering og prosess.....	7
2.2 Begrepsavklaring.....	8
3.0 Kunnskapsgrunnlag –kjent	9
3.1 Kultur og geografi	9
3.2 Samfunnsmessige utfordringar	10
3.3 Det frivillige mangfaldet i Volda	12
3.4 Hus- og anlegg	12
3.5 Frivilligsentralane.....	13
4.0 Kunnskapsgrunnlag –nytt.....	14
4.1 Kartlegging av samarbeid.....	14
Offentleg sektor	14
Frivillig sektor	15
Næringslivet	15
4.2 Innspel og høyringar	16
5.0 Satsingsområde og retningslinjer	16
5.1 Lokale/anlegg	17
5.2 Praktisk tilrettelegging.....	18
5.3 Økonomiske rammevilkår	19
5.4 Informasjon	20
5.5 Verdsetje og ivareta frivillige.....	22
5.6 Utanforskap og inkludering	23
5.7 Rammer for frivilligsentralane.....	24
6. Oppfølging av planen	25
Kjelder	26
Vedlegg	27

1.0 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN OG POLITISK VEDTAK

“Å drive med samfunnsutvikling – det klarer ingen åleine. Levande lokalsamfunn vert til i samarbeid mellom frivillige, næringsliv, kommunen, nabokommunar og andre. Gjennom samskaping og samarbeid med ulike samfunnsbyggjarar skaper vi vekstkraft og attraktive lokalsamfunn.” (kommuneplanen i Volda sin samfunnsdel)

Volda kommune, som resten av det norske samfunnet, møter i dag og i åra framover utfordringar knytt til blant anna klima, demografi og auka forskjellar i levekår. Teikn i tida tyder og på at dei demokratiske verdiane og tilliten som er grunnleggjande for desse kan vere trua. For å møte desse utfordringane må kommunen ta i bruk nye samarbeidsmodellar og metodar i samspelet med sivilsamfunnet. God samhandling sektorane imellom, der ein spelar på og tek i bruk deira ulike styrker, verkemiddel og drivkrefter kan vere avgjerande i samfunnskriser. Gjennom samarbeid og samskaping kan vi legge til rette for sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn, og skape berekraftige løysingar som vil styrke lokalsamfunnet i tida framover.

På bakgrunn av dette vart det 5.11.24 vedteke av kommunestyret at det skal utarbeidast ei samhandlingsplattform for kommunen og frivillig sektor. Fylgjande står i planstrategien: *“Volda kommune har starta arbeidet med ein samhandlingsplattform for Volda kommune og frivillig sektor ("frivilligplan"). Frivilligplanen har som mål og verkemiddel å styrke samarbeidet mellom frivilligsentralane og det frivillige livet i Volda. Volda kommune har ikkje hatt frivilligplan tidlegare. Oppstart 2024. Vedtak 2025.”*

Frivillighet skaper engasjement, fellesskap, inkludering og kulturell og demokratisk innsikt, og har eigenverdi både for dei som mottek og for dei som yter tenester. Frivillig sektor er soleis ikkje berre ein tenesteytar eller eit supplement til staten, men også ein arena for læring og demokratisk utvikling, samtidig som sektoren har ei sentral rolle for å førebygge einsamheit og skape eit meir inkluderande samfunn. Frivillig sektor som verdi og verktøy inngår i dag i dei fleste offentlege planar og utredningar, nasjonalt som lokalt.

Kommunen som organisasjon har ei sentral rolle som tilretteleggjar, samarbeidspartnar og støttespelar for ein sterk og sjølvstendig frivillig sektor. Ei av utfordringane i tverrsektorielle

samarbeid er at ein har ulik problem- og rolleforståing. Temaplanen skal vere eit grunnlagsdokument for samhandling mellom Volda kommune og frivillig sektor, samstundes som den kan vere eit grep for å betre forståinga for kva frivillig sektor er og kva sektoren bidreg med i samfunnet. Planen skal òg vere med på å tydeleggjere rolla til frivilligsentralane, både for frivillig og offentleg sektor, og på den måten bidra til avklaringar knytt til forventningar, ansvar og oppgåver.

1.2 NASJONALE OG LOKALE RAMMER OG FØRINGAR

Stortingsmelding 10 (2018-2019): Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig

Dei nasjonale frivilligheitspolitiske måla som er beskrivne i stortingsmeldinga i korte trekk:

- Brei deltaking. Eit av dei politiske måla er å få med so mange som råd i frivillig arbeid, uavhengig av alder, kjønn, etnisitet, interesser, inntekt og funksjonsnivå.
- Ein sterk og uavhengig frivillig sektor.
- Forenklingsreforma. Handlar om at dei frivillige må få mest mogleg tid til å drive med sine mål og aktivitetar framfor styrearbeid.
- Ein samordna frivilligheitspolitikk. Målet er at alle norske kommunar skal arbeide med frivilligpolitikk og vedta ein frivilligplan/temaplan eller liknande som skal sikre god samhandling og samarbeid mellom offentleg og frivillig sektor.

[Stortingsmelding 10](#)

Stortingsmelding 15 (2017-2018): Reforma Leve heile livet skal bidra til at eldre skal kunne meistre livet lenger, og har eit hovudfokus på at Norge skal bli eit meir aldersvenleg land, samt finne innovative løysingar på utfordringar knytt til blant anna aktivitet, fellesskap og helsehjelp. [Stortingsmelding 15](#)

Fritidserklæringa (2016) byggjer på FN sin konvensjon om alle barn sine rettigheter med hovudmål om at alle barn skal få delta jamleg i minimum ein organiserte fritidsaktivitet saman med andre barn. [Fritidserklæringen](#)

Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor (2023-2027)

Ei plattform utarbeidd av KS og Frivillighet Norge, med formålet å styrke samarbeidet mellom frivilligheita og kommunane, og å slå fast nokre viktige prinsipp som eit slikt samarbeid bør baserast på. [Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor](#)

Helsedirektoratet har utforma eit rundskriv (2025) som beskriv og tydeleggjer dei rettslege rammene som gjeld for samarbeid mellom helse- og omsorgstjenesten og frivilligheita <https://www.helsedirektoratet.no/rundskriv/rettslige-rammer-for-samarbeid-mellom-helse-og-omsorgstjenesten-og-frivilligheten>

Lov om folkehelsearbeid §4. Kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold innanfor dei oppgåver og med dei verkemidlar kommunen er tillagt. Medverknad skal skje blant anna gjennom råd, samarbeid og deltaking i planlegging. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor. [Folkehelselova](#)

Kommuneplanen sin samfunnsdel (2022-2034) tek stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen byggjer på FN sine 17 berekraftsmål, og tek utgangspunkt i fire hovudtema: Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, Livskvalitet og meistring, Grøn omstilling og Organisasjonsutvikling. [Kommuneplanen sin samfunnsdel](#)

Temaplan for frivillighet skal bygge opp under fleire av måla i samfunnsdelen:

- Vi vidareutviklar tenester og lokalsamfunn slik at fleire opplever meistring og fellesskap.
- Gjennom samarbeid og samskaping legg vi til rette for brei deltaking, sterke fellesskap og inkluderande lokalsamfunn i heile kommunen.
- Gjennom samskaping og samarbeid legg vi til rette for kulturliv, aktivitetar og møte mellom folk både ute og inne.
- Vi skal ha eit levande lokaldemokrati prega av openheit, tillit, god informasjon og aktiv involvering av innbyggjarar.



Kommunen sitt verdigrunnlag

Volda kommune sine grunnleggande verdiar er raus, modig, kompetent og lærande. Våre felles verdiar skal vise veg og vere ei rettesnor i alt vårt arbeid. Desse verdiane skal drive oss framover, gjere oss tydelege og hjelpe oss med å ta avgjerder i kvardagen. Verdiane våre er også eit framtidsbilde på korleis vi ønskjer å vere (henta frå kommuneplanen).

Volda kommune er ei samskapingsskommune. KS definerer samskaping på denne måten:

“Samskaping handler om å invitere inn til likeverdige samarbeidende partnerskap hvor ulike aktører får gi selvstendige bidrag til å definere, designe, implementere og drive fram løsninger sammen med profesjoner, forvaltning og politiske myndigheter.”

2.0 FØREMÅL

Volda kommune legg fram ein ny frivilligheitspolitikk i form av ein temaplan for frivillighet. Føremålet med temaplanen er å sikre aktiv og god samhandling mellom frivillig og offentlig sektor i Volda kommune, og legge grunnlag for naudsynnte prioriteringar. Planen skal bidra til

å skape ei forståing for felles utfordringar, og legge til rette for rammer og retningslinjer for samarbeid. Planen skal på den måten vere eit retningsgjevande styringsdokument for kommunen si politiske og administrative leiding, og eit nyttig og brukarvennleg dokument for frivilligheita.

Volda kommune ser på frivillig innsats som eit viktig supplement til dei kommunale tenestene, og vil bygge sin frivilligheitspolitikk på det overordna prinsippet om at frivilligheita er ein uavhengig og sjølvstendig samfunnssektor som skal supplere og ikkje erstatte kommunen sine lovpålagde oppgåver (jf. Samarbeidsplattforma mellom KS og Frivillighet Norge.) Dei fleste sektorane i kommuneorganisasjonen samhandlar i dag med frivillig sektor, og kommunen bidreg allereie med ei rekke tiltak som byggjer opp under frivilligheita. Ved å styrke eksisterande verkemiddel og sjå på andre moglege løysingar vil ein kunne styrke samhandlinga for å nå felles mål, i samsvar med berekraftsmåla, slik det går fram av satsingsområda i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Temaplanen byggjer i hovudsak på kommuneplanen sin samfunnsdel, og er tettast knytt til satsingsområde livskvalitet og meistring. I kapittel 5 er det framheva seks satsingsområde som ein har kome fram til som resultat av planprosessen.

2.1 ORGANISERING OG PROSESS

Planen er sett opp som ein temaplan og har soleis ingen formelle krav til omfang eller prosess. Leiarane ved dei to frivilligsentralane i kommunen har hatt ansvar for å utarbeide planen i tett samarbeid med frivillig sektor.

Det er gjennomført kartleggingar for å avdekke dagens situasjon og utfordringar.

Kartleggingane er gjennomført i kommunal og frivillig sektor, og syter for at planen vert tilpassa begge dei likeverdige partane. Etter kartleggingane vart det plukka ut nokre sentrale tema for vidare arbeid i Volda frivilligforum, der leiargruppa i kommunen også deltok.

Prosessen i korte trekk:

- Kartlegging av samhandling og samarbeid mellom Volda kommune og frivillig sektor (spørjeundersøking)
 - Kartleggingsskjema distribuert via leiargruppa i kommunen til relevante medarbeidarar (spørjeundersøking)
 - Kartleggingsskjema distribuert til alle frivillige lag og organisasjonar i kommunen
 - Kartlegging av samspel mellom næringslivet og frivillig sektor, distribuert gjennom Volda næringsforum
- Informasjon- og arbeidsverkstad i Volda frivilligforum
- Informasjon og innspelsrundar i formannskapet, TOK, FUNK, THO og Ungdomsrådet
- Høyring
- Vedtak

2.2 BEGREPSAVKLARING

Frivillig sektor, også kalla den *tredje sektor*, består av lag, organisasjonar og samanslutningar av menneskje med ulike føremål som gagnar samfunnet, og som ikkje har økonomisk siktemål. Frivillighet Norge definerer frivillig sektor på denne måten: “Består av verksemder som har som fellestrekk at de er ikke-fortjenestebaserte, og dermed ikke kan dele ut økonomisk overskudd til privatpersoner.” [Frivillighet Norge](#)

Frivillige organisasjonar er ei samanslutning av menneskje som driv ikkje-fortjeneste og ikkje-offentleg basis, jf. definisjonen i “lov om register for frivillig virksomhet” §3 og 4.

Organisasjonane jobbar for ulike sosiale føremål, eller fremjar medlemmar sine felles syn og interesser, og har ikkje som føremål å tene pengar. [Lov om register for frivillig virksomhet](#)

Frivillig innsats er når ein person utfører ein eller fleire aktivitetar for nokon utanfor eigen familie og/eller hushald utan eit ordinært tilsetjingsforhold og utan å ta imot løn. Frivillig arbeid har oftast utspring i personleg engasjement og vilje eller ønskje om å skape noko for samfunnet, basert på eigeninteresse, spesielle interesseområde eller behov. Ei særform av

frivilligheita finn vi i dugnaden. Dugnaden er kjenneteikna av ubetalt konkret tidsavgrensa arbeid, med innslag av både plikt og ansvar.

3.0 KUNNSKAPSGRUNNLAG –KJENT

Dette kapittelet gjer eit innblikk i særtrekk ved Volda kommune. Vi ser på både geografiske og kulturelle trekk, samfunnsmessige utfordringar, lagsmangfaldet og frivilligsentralane sitt virke, samt ei oversikt over hus og anlegg i frivillige organisasjonars eige.

3.1 KULTUR OG GEOGRAFI

Volda kommune har ein omfattande offentleg sektor og lang historisk status som skulestad. Studentane har stor verdi for Volda-samfunnet, og har gjennom åra sett sitt preg på Volda som ein viktig del av det kulturelle bakteppet. Tettstaden Volda har hatt lærarutdanning frå 1861, i dag Høgskulen i Volda, og landsgymnas frå 1910/1947, i dag Volda vidaregåande skule. Per 2024 hadde høgskulen omkring 4 600 studentar og 350 tilsette. Dette bidreg til eit stort kulturelt mangfald, både innafor musikk, scenekunst, idrett og festivalar, som alle både utløyser og er avhengig av omfattande frivillig innsats.

I seinare år har det vore ei betydeleg utvikling av sentrum som har stor innverknad på rammene for den frivillige aktiviteten. Campus Arena erstatta Voldahallen og gymsalane v. Ungdomsskulen, og førte mykje aktivitet under same tak. Volda samfunnshus opna i vinter etter ei lengre ombyggingstid der mykje av aktiviteten anten låg nede eller flytte mellombels til andre lokale. Det nye Voldabadet bidreg til eit rikare tilbod og betre folkehelse for alle aldrar. Volda kommune har samla sett gode anlegg både til både sommar- og vinteraktivitet, både innadørs og utandørs.

Kommunen har fleire mindre bygdesenter, og seks skulekrinsar per 2025. Skulen utgjer ein fellesarena for alle born, og er ofte samlingsstaden også utanfor skuletida. Når skulen vert borte frå bygda vert dette merkbart. Barn og unge må gjerne reise lenger for å delta i fritidsaktivitet, og vert avhengig av transport. Ein må på den måten ha i bakhovudet at

sentralisering av anlegg og aktivitetar kan gjere at det blir vanskelegare for barn og unge å delta i fritidsaktivitetar. Fleire av innbyggjarane også avhengig av ferje for å kome seg til sentrum. Det er difor viktig å ikkje utelukkande tenke Volda sentrum når ein snakkar om den frivillige aktiviteten. I mange bygder er det eit aktivt organisasjonsliv som dekkjer ulike aldersgrupper og interesser, og der alt byggjer på frivillig innsats.

Ung data-undersøkinga frå 2024 viser at over 50% av ungdomsskulelevane er aktive i idrett fleire gongar i veka, og at idrettsleg aktivitet er det som tiltrekkjer flest ungdomsskuleelevar i Volda. 28% svarar at dei er aktive i ei religiøs foreining, og 23% deltek på ungdomsklubb fleire gonger i veka. Både ungdomstilbodet på Samfunnshuset og Voldabadet opna i 2025, så desse svara kan vere annleis i dag.

Om lag 12 prosent av befolkninga i Volda kommune er innvandrarak, og 137 nasjonalitetar er representert i kommunen. Volda kommune har soleis eit rikt mangfald av kulturak. Sjølv om ein kan møte utfordringar knytt til integrering, språk og kulturforskjellar i møte med flyktningar, er det viktig å sjå kva fordelar eit fleirkulturelt samfunn gjev oss, både sosialt, økonomisk og kulturelt.

3.2 SAMFUNNSMESSIGE UTFORDRINGAR

Folkehelseoversikta til Volda kommune peikar på m.a. aukande forsørgjarbyrde, auke i sosiale skilnader, inaktivitet og auke i depressive symptom og einsemd som nokre av kommunen sine hovudutfordringar (henta frå Statistikk og utviklingstrekk, kunnskapsgrunnlag til kommunal planstrategi, Volda kommune)

Volda kommune har busett flyktningar jamleg sidan 1990-talet. Fokus på integrering har vore vesentleg både i kommune-organisasjonen og i frivillig sektor. I åra 2022-24 har tala busette flyktningar auka stort, hovudsakleg grunna krigen i Ukraina. Å busetje menneske på flukt og med ein annan kulturbakgrunn og språk gir utfordringar som kommunen ikkje kan løyse åleine, ein må løyse det saman som samfunn.


Folkehelseoversikta syner at inntektsulikheita i Volda aukar og er høgare enn landet elles. Tal barn som veks opp i familiar med vedvarande fattigdom (definisjon: under 60% av

medianinntekta i kommunen) har vore aukande gjennom fleire år. Samanhengen mellom utanforskap og låginntekt er påvist i fleire rapportar, og er ein viktig bakgrunn for statlege satsingar.

Menneske med funksjonsnedsetjing opplever mange tersklar for å kunne delta i fritidsaktivitet, og har stor risiko for å falle utanfor fellesskapen. Rådet for menneske med funksjonsnedsettingar påpeika at manglande informasjon og kunnskap blant befolkninga er ein medverkande faktor til dette, og at ein må jobbe for å auke forståinga for barrierar knytt til deltaking for denne gruppa.

Folkehelseoversikta syner at stadig færre ungdommar har delteke i organiserte fritidsaktivitetar dei seinare åra. I 2021 og 2022 vart det nasjonalt rapportert ein ytterlegare nedgang i deltakinga, noko som òg gjeld for Volda. Samstundes har vi sett ein stor auke i uorganiserte fritidsaktivitetar. Ung-data gir eit viktig innblikk i korleis ungdom har det i Volda. Den syner at det er tilgangen til idrettsanlegg som scorar høgst på det ungdom er nøgde med, men at ein stor andel ungdomsskuleelevar oppgir misnøye med treffstadar for ungdom, kulturtilbod og kollektivtilbodet. Sjå tabell under.

Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbodet til ungdom er når det gjeld ...



Andelen eldre i befolkninga er aukande, noko som kan legge stort press på velferdstenester i åra som kjem. Det personlege ansvaret for å førebu sin eigen alderdom vert vektlagt, både for eigen del og for samfunnsøkonomien. Å delta og å vere aktiv også etter endt arbeidsliv er

viktig både for fysisk og psykisk helse. I Kommunedelplan for helse og omsorg vert det uttrykt slik:

Frivillig innsats frå familie, vener, naboar og frå lag- og organisasjonar er eit viktig og nødvendig supplement til det kommunale tenesteapparatet. Frivillig innsats er viktig både for dei som nyt godt av den og for dei som yter slik innsats. Frivillig arbeid har ein eigenverdi. Det er snakk om fellesskap og ein arena for menneskeleg vekst som kan motverke einsemd og isolasjon.

3.3 DET FRIVILLIGE MANGFALDET I VOLDA

I 2025 er 210 frivillige lag og organisasjonar registrerte i Volda kommune med organisasjonsnummer i Brønnøysundregistret. I tillegg er ei rekke lag felles med Ørsta og Stryn, og nokre omfattar fleire kommunar. Ein vil òg framleis finne formelle samanslutningar som ikkje er registrerte.

Innanfor frivillig sektor er mangfaldet stort. Ikkje alt er formelt organisert. Ein kan kome saman og syngje og spele i band/grupper, det finst klubbar og grupper som ikkje er særleg formaliserte, men som likevel dannar viktige sosiale møteplassar på frivillig grunnlag. Ulike nemnder og arbeidsgrupper for enkeltståande arrangement kan òg fortone seg som uformaliserte ad hoc-organisasjonar, men er like fullt viktige lokale samfunnsarenaer. Kor mange såkalla to-timarsfrivillige som stiller opp på loppemarknad eller festivalar finnast ikkje oversikt over. I studentmiljøet finn vi òg ei rekke frivillige organisasjonar og aktivitetar basert på frivillighet som vi ikkje kjenner omfanget av.

På bakgrunn av dette er det krevjande å få ei god oversikt over frivillig sektor. Men let vi vere å ta med det frie og ubundne ser vi ikkje heile bildet. Frivillig sektor er ein fri sektor, med karaktertrekk og kvalitetar som gjer den til ein vesentleg samfunnsaktør.

Oversikta over offentleg registrerte lag og organisasjonar i Volda kommune pr i dag ligg som vedlegg 1, og er også å finne på kommunen si heimeside.

3.4 HUS- OG ANLEGG

Kommunen har fleire arenaer og lokalar som står ledig delar av døgnet, og som kan vere til nytte for lang og organisasjonar. Her ser ein potensiale til betre samhandling. Det er utarbeidd ei oversikt over lokalitetar, anlegg og samlingsstadar i kommunen (jf. pkt 5.1. om verkemiddel for samarbeid). Oversikta må kontinuerleg supplerast etter som samfunnet utviklar seg, nye møtestadar kjem til og kontaktpersonar skiftar. Vedlegg 2.

3.5 FRIVILLIGSENTRALANE

Regjeringa omtalar frivilligsentralar slik: *“Frivilligsentralene er lokale møteplasser som skal stimulere til frivillig innsats og være et bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.”*

([Regjeringen.no](https://www.regjeringen.no))

Volda kommune har to kommunalt eigde frivilligsentralar, ein i Volda og ein i Hornindal. *Hornindal frivilligsentral* vart fram til kommunesamanslåinga i 2020 driven som ein frivillig organisasjon i tett samarbeid med Hornindal kommune. Sentralen har gjennom åra som ideell organisasjon utvikla og drifta fleire møteplassar og spelt ei betydeleg rolle i lokalsamfunnet i ein liten kommune. I 2020 vart Hornindal frivilligsentral kommunal, men har framleis sitt hovudvirke i Hornindal.

Frivilligsentralen i Volda vart oppretta som ei stifting, med kommunen som ein av stiftarane. I 2013 overtok kommunen sentralen. Sentralen fekk etter dette ei tett tilknytning til kommunen, som ein koordinator for og tilretteleggjar av frivillig aktivitet i samarbeid med kommunale avdelingar.

I 2023 vart det vedteke eigne rammer for sentralane i samsvar med gjeldande forskrift for tilskot, som er forvalta av Lotteri og stiftingstilsynet. Vedlegg 3.

Ein rapport utarbeidd av Ideas2evidence på oppdrag frå Distriktssenteret og Norges frivilligsentraler viser at samarbeid mellom frivilligsentralar og kommunar gjerne er prega av likeverdig samskaping, men ulike institusjonelle logikkar. Rapporten viser til at representantar for kommunale tenester og kommuneadministrasjonen ofte likestiller den økonomiske betydninga av frivillig innsats for innsparing og førebyggjande arbeid med dei sosiale verdiane. For frivilligsentralane er det verdien av frivilligheit for dei frivillige sjølv som er drivkrafta og grunnlaget for deira arbeid, medan den økonomiske verdiskapinga vil vere

ein positiv sideeffekt. Denne ulike forståinga kan gjere samarbeid mellom kommune og frivilligsentral utfordrande, og det vil vere behov for jamlege avklaringar for kva rolle dei ulike partane har i samarbeidet og kva som er målet ([Rapport 12:2024: Sammen om velferdstjenester?](#)).

Rollene og funksjonen til frivilligsentralane er i stadig endring ettersom både kulturen, kommuneorganisasjonen, organisasjonslivet, behova og trendane i samfunnet endrar seg. Ei av målsetjingane for denne temaplanen er å tydeleggjere frivilligsentralane si rolle, som del av den frivilligpolitiske plattformen for Volda kommune.

4.0 KUNNSKAPSGRUNNLAG –NYTT

I dette kapittelet får du presentert funn frå kartleggingane i offentleg og frivillig sektor og i næringslivet, innspel frå høyringa og ei oppsummering av hovudutfordringane knytt til samhandling som vi har fått innblikk i gjennom planprosessen.

4.1 KARTLEGGING AV SAMARBEID

I arbeidet med temaplanen har det vore gjennomført tre kartleggingar av samarbeid og samhandling mellom kommunen og frivillig sektor, med mål om å få oversikt over omfanget og karakteren av dette, og å gi best mogleg grunnlag for samhandling mellom sektorane. Ulike utgangspunkt for eit samarbeid kan gje ulik oppleving. Frivillige brukar av si frie tid og kan ha ulike former for motivasjon for det dei gjer. Tilsette er profesjonelle som rettar seg etter prosedyrar og instruksar, noko som ikkje alltid treng vere like kjent for den frivillige. Soleis er det viktig å kartleggje begge sider av eit samarbeid.

Spørjeskjemaet bestod av både lukka og opne svaralternativ. For å kunne innarbeide materialet i ein heilskap i planarbeidet, og for å sikre anonymitet, er dei opne svara systematisert og kategorisert, og ikkje alt vert offentleg tilgjengeleg.

OFFENTLEG SEKTOR

På grunn av låg svarprosent vert svara i denne undersøkinga betrakta som innspel, og er ikkje utfyllande for det totale samarbeidsbildet.

Kartlegginga viser at det er etablert samarbeid med frivilligheita i fleire av sektorane. Det er knytt samarbeid både med frivillige lag og organisasjonar og uavhengige frivillige.

Samarbeidet finn ein i hovudsak innanfor tenesta helse og omsorg, men ein ser også samarbeid kring natur, miljø og friluftsliv, planarbeid, sentrumsutvikling og beredskap.

Ein ser og at enkelte frivillige lag og organisasjonar inviterer ulike kommunale einingar inn på sine møter for å få informasjon om arbeidet i kommunen.

Kartlegginga syner at fleire kommunale tenester ønskjer meir samarbeid med frivillige for å kunne diskutere utfordringar og mobilisere felles krefter for positiv utvikling og vekst, og for å kunne levere gode tenester til innbyggjarane. Ein ser samstundes at samarbeid med frivillig sektor kan vere krevjande då dei frivillige er frie og ubundne. For å sikre gode og føreseielege samarbeid uttrykkjer fleire av dei kommunalt tilsette ønskje om meir formaliserte avalar med dei frivillige.

FRIVILLIG SEKTOR

Kartleggingsskjemaet vart distribuert direkte til 108 lag og organisasjonar og delt på sosiale medier. Det kom inn 74 svar.

Gjennom denne kartlegginga har vi søkt å få ei oversikt over følgjande tema, som vi har vurdert som vesentleg grunnlag for temaplanen:

- Aktivitetsomfang
- Sporadisk vs medlemsbasert frivillighet
- Tilrettelegging for menneske med funksjonshindring
- Finansiering, og kva ein søker eksterne midlar til
- Behov, ønskje for og eksisterande samarbeid

Utfyllande informasjon av kartlegging i vedlegg 4.

NÆRINGSLIVET

Kartlegginga til næringslivet var distribuert gjennom Volda næringsforum. Det kom inn 14 svar. Verksemdene som har svara spenner seg frå ein-personsverksemdar til bankar og bedrifter. Frivillig sektor og det lokale næringslivet er på mange måtar ein symbiose. Næringslivet treng eit aktiv og mangfaldig lokalsamfunn for å trivast, vekse og tiltrekke seg arbeidskraft, og til gjengjeld yter dei økonomisk støtte til frivilligheita. Vedlegg 5 syner kva type støtte næringslivet yter, og til kven.

4.2 INNSPEL OG HØYRINGAR

Det vart gjennomført medverknadsverkstad i Volda frivilligforum, der også kommunen var representert. Tema til drøftingsgrunnlag i verkstaden vart valt på bakgrunn av innspela som kom fram frå kartlegginga av frivillig og offentleg sektor. Medverknadsverkstad Volda frivilligforum, vedlegg 6.

I april/mai 25 vart det gjennomført ei særskild orienterings- og innspelsrunde i dei politiske utvala og formannskapet. Vedlegg 7.

5.0 SATSINGSOMRÅDE OG RETNINGSLINER

Norges frivilligsentralar peiker på at frivillige er supplement, ikkje erstatning av profesjonelle i offentleg sektor. Det er viktig at kommunen som organisasjon ikkje ser på auka samhandling som eit middel for å spare inn på offentlege budsjettpostar, noko som vil føre til mindre berekraftige løysingar på sikt, og potensielt ein mistillit til kommunen. Det er kommunen sitt ansvar at frivillige kjenner seg velkomne, verdsette og anerkjent. Derfor er det viktig at kommunen byggjer ein sterk kultur for samarbeid med frivilligheita, og at dette vert forankra i heile organisasjonen. Dei ti frivilligpolitiske bodane må gjerast kjent for alle tilsette som samhandlar med frivillige. Vedlegg nr. 8.

Tydelege avtalar med dei frivillige er sterkt tilrådeleg.

Innspela som er komne inn gjennom kartlegging og innspelsrundar syner seks hovudtema knytt til utfordringar i samspelet mellom kommunen og frivillig sektor. Desse er valt som vidare satsingsområde i temaplan for frivilligheit;

- Lokale/anlegg, kap. 5.1
- Praktisk tilrettelegging for frivillige, kap. 5.2
- Økonomiske rammevilkår, kap. 5.3
- Informasjon, kap. 5.4
- Verdsetjing av frivilligheita, kap. 5.5
- Inkludering og motverking av utanforskap, kap. 5.6

Sjølv om det er viktig at frivilligheita består fri og ubunden, skal Volda kommune ha ambisjonar på vegner av frivillig sektor sin innsats. Samtidig vil ein kommunal plan for frivillig sektor i liten grad kunne forplikte frivillige enkeltpersonar og organisasjonar.

Volda kommune har ei rekke tiltak og verkemiddel innan infrastruktur og rammevilkår, tilskot og prisar, støttefunksjonar/ressursar, beredskap og samarbeidsforum og råd som bidreg til å støtte frivilligheita. Vedlegg 9. Retningslinene som følgjer går difor primært på korleis kommunen kan bruke sine verkemiddel til å styrke samhandlinga mellom kommunen og frivillig sektor, i samsvar med samhandlingsplattforma.

5.1 LOKALE/ANLEGG

Ei av utfordringane som har vore drøfta gjentekne gongar er tilgang til tenlege lokale og vedlikehald av desse. Ein bør sjå på samarbeidsavtalar for vedlikehald og bruk av anlegg og hus i kommunal eige. I dag er det usikkerheit kring ansvar for fleire av desse, og fleire står tomme. Det er også kome innspel om vedlikehald av leikeplassar.

Mange organisasjonar driv eigne hus. Dette kan vere lagshus for idrett, ungdomshus eller grendehus som fleire samarbeider om. For at lag og organisasjonar skal kunne drifte desse husa er det naudsynt med stønadsordningar som gjer det mogleg. Det er også peika på at kommunale bygg i all hovudsak bør nyttast til allmenne føremål og ikkje kommersielle (t.d.

private arrangement og selskap) og på den måte ikkje vere konkurrent med organisasjonseigde hus.

Kommunen sine ressursar er avgrensa, og det er viktig å tenke smart når ein skal hente ut vinst av knappe midlar. Ein må finne gode samarbeidsavtalar- og rutinar, dele kunnskap og spele på lag.

Følgjande retningslinjer må leggst til grunn for samhandling kring hus og anlegg:

- Tilby tydelege langsiktige bruks- og leigeavtalar til ein så låg pris som råd
- Tydelegheit kring vedlikehaldsansvar for bygg og anlegg/leikeplassar som kommunen har ansvar for og/eller som er av offentleg interesse
- Erstatning/bruksavtalar av lokale som av ulike årsaker går tapt
- Kommunale bygg nyttast til allmenne føremål og ikkje kommersiell utleige

5.2 PRAKTISK TILRETTELEGGING

Fleire kommunar opererer med frivilligkoordinatorar. Dette er ei førstelineteneste som opererer på tvers av fagsektorar i kommunen, med frivillighet som fagfelt.

Omsorgstenestene i Volda kommune har ein slik funksjon i frivilligkoordinatorane. Ein viktig styrke ved organiseringa av desse, er at frivilligkoordinatorar har sitt øvrige virke i omsorgstenestene. Dei har på den måten god kjennskap både til bebuarar og frivillige, og ser raskt behov og løysingar.

Transport er eit gjennomgåande tema. Det kan handle om å bringe barn til aktivitetar, der familiane ikkje har bil og borna er for små til at dei åleine kan nytte offentleg transport, eller det kan vere å bringe personar med demens til øving med demenskoret. I frivillig sektor finns det organisasjonar som strekkjer seg langt for at nettopp desse menneska skal få delta, men ikkje alle laga har ressursar til slikt arbeid. Vidare kan ein sjå på målsetjinga om at eldre skal bu heime lengst råd, noko som er vanskeleg å få til utan tenlege transportløysingar. Ansvar for transport ikkje kan leggst på frivillig sektor åleine.

Frivillige brukar av si frie tid styrt av eit engasjement for eit føremål. Ofte er dette knytt til fritidsaktivitetar, men det kan og vere t.d å delta på dugnad på kyrkjegarden, synge eller lese for eldre på ein institusjon eller stelle til 17. Mai. Ein slik dugnad må vere tilrettelagt for den frivillige, med naudsynt utstyr på plass. Ein bør ha ein instruks som syner klar rollefordeling, kven gjer kva, og korleis.

Følgjande retningslinjer må følgjast, og evt. nye tiltak må iverksettast:

- Tydelegheit om ansvar/kontaktperson i kommunen
- Tenlege transportløyisingar
- God tilrettelegging for dugnadar og samarbeidsprosjekt mellom kommune og frivillige

5.3 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR

Støtteordningar er ofte prosjekterta, og det er spesielt lite støtte å hente til drift og vedlikehald. Fleire organisasjonar gir uttrykk for at dei i større grad har behov for frie midlar. Innspel syner også at fleire opplever søknadsarbeid krevjande, og at det er ønskeleg med bistand til dette.

Støtnadsordningar må vere ikkje-stigmatiserande og lett å handtere for søknadsorganisasjonen. Det er samstundes viktig å kvalitetssikre at støtta når fram dit behova er. Difor er samarbeid og informasjonsdeling mellom sektorane og ulike tenester særskild viktig. Her bør ein sjå på samarbeidskanalar mellom oppvekstsektoren, NAV, helsestasjon og dei laga som driv fritidsaktivitet for barn og unge for å sikre at barn får delta i minst ein organisert fritidsaktivitet, jf. Fritidserklæringa.

Volda kommune har per i dag to støtteordningar: prosjekterta kulturmidlar som det er knytt eigne vedtekter til, og tilskotsordning for faste arrangement og festivalar (festivalstøtte). Det vert påpeikt at det er vanskeleg å få tilskot når det er strenge kriterie knytt til

tilskotsordningane. I tillegg ser ein at dei fleste tilskotsordningar er knytt til aktivitet til barn og unge, og det vert stilt spørsmål om eldresatsing og reforma “leve heile livet”. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kommunen ser på moglege endringar av kommunale tilskotsordningar for å treffe fleire. Mest tenleg ville ei tilskotsordning for generelle kulturtiltak vere.

For å styrke den økonomiske situasjonen til frivillige lag og organisasjonar bør kommunen også jobbe for breiare samarbeid med frivillig sektor i ulike prosjekt. Kommunen kan søkje om tilskot til prosjekt der dei gir løn, honorar eller gåve til lag og organisasjonar for å gjennomføre prosjektet. Eit godt døme på dette er Sommarprogrammet som har vore finansiert av BufDir, koordinert av frivilligsentralen, og gjennomført av lag og organisasjonar mot betaling.

Volda kommune har frå 2025 vedteke å abonnere på tilskotsportalen. Dette er ein digital samleportal for alle typar støtteordningar som lag og organisasjonar heimehøyrande i kommunen kan nytte fritt.

Følgjande må ligge til grunn for å betre den økonomiske situasjonen for lag og organisasjonar:

- Ikkje-stigmatiserande og enkle tilskotsordningar for å sikre at alle barn får delta i fritidsaktivitet
- Kurs og bistand til søknadsskriving
- Kurs og bistand i bruk av i Tilskuddsportalen
- Tilskotsordningar som treff behova, fleire frie midlar
- Jobbe for betre samhandling og informasjonsflyt mellom tenester og sektorar
- Nytte frivillige aktivitetstilbod mot tilskot til laget, der kommunen hentar midlar frå tilskotsordningar

5.4 INFORMASJON

Å nå ut med informasjon er avgjerande når det kjem til rekruttering av både frivillige og medlemmar. Det er også viktig for å unngå kollisjon av aktivitetar og arrangement. I dagens samfunn skjer det meste av informasjonsdeling på sosiale medier, og det finnst eit uttal plattformer. Dette gjer det vanskeleg å vere synleg, og informasjon til aktuelle mottakarar kan utebli. Fleire etterlyser også ei god oversikt over aktivitetar og organisasjonar.

Å få til ein felles kalenderfunksjon som kommuniserer på tvers av ulike digitale plattformer ligg nok langt framme, men Volda kommune har vedteke å satse på volda.friskus.com som kommunen sin digitale aktivitetsskalendar. Dette er ei digital kalender- og informasjonsplattform som kan stette behova dersom den vert godt implementert, er relevante for fleire, og har tenlege funksjonar. For at verktøyet skal fungere optimalt må det difor implementerast ei felles forståing og eit felles ansvar om at volda.friskus.com skal brukast av alle. Om volda.friskus.com utviklar seg til å verte den gjeldande nettportalen i Volda, vil vi ha oppnådd "ei dør inn" til alle lag og organisasjonar og til all aktivitet.

Eit anna tilgjengeleg verktøy er Frivillig.no, som er ein digital rekrutteringskanal. Frivillig.no skal gjere det lettare for lag og organisasjonar å rekruttere frivillige, og for folk å melde seg til frivillig innsats. Det finnst potensiale for å gjere denne tenesta betre kjent blant befolkninga, eit ansvar som bør ligge til kommunen og evt. ein frivilligkoordinator.

Det er imidlertid ei utfordring å nå ut til dei som ikkje brukar digitale verktøy, og kommunen må satse på å auke den digitale kompetansen til innbyggjarane, spesielt til flyktningar og eldre, samstundes som ein må ha fysiske møteplassar der frivillige organisasjonar kan marknadsføre og rekruttere.

Tiltak for å betre informasjonsflyt:

- Implementere volda.friskus.com hos både kommuneorganisasjonen, frivillig sektor og innbyggjarane i Volda kommune
- Marknadsføre Frivillig.no som rekrutteringskanal
- Auke digital kompetanse og digitalisere alle innbyggjarane i kommunen
- Etablere fysiske møteplassar (Volda frivilligforum etablert i 2024)

5.5 VERDSETJE OG IVARETA FRIVILLIGE

Frivilligheit har ein unik eigenverdi fordi den kviler på motivasjon og lyst, og er eit naudsynt supplement på svært mange område i samfunnet. Det er viktig at denne innsatsen blir verdsett og ivaretatt. Det er også viktig at dei frivillige får like vilkår og føresetnader for å kunne gjennomføre frivillig innsats, og at dei blir sett på som likeverdige i møte med kommunen.

Både einskildfrivillige og medlemmer i organisert frivilligheit sit med mykje kompetanse som kommunen kan dra nytte av. Det har kome innspel om at frivillige ønskjer å bli brukt i større grad i oppvekstsektoren. Til dømes kan kulturaktivitet vere eit tema i skulen, der ein brukar det frivillige kulturlivet i opplæringa. På den måten anerkjenner ein at frivilligheita er ein ressurs og at ein ønskjer å spele på lag.

Mange organisasjonar har klare rammer kring sine tenester, både når det gjeld etisk framferd, teieplikt mm, og dei set krav om kurs. Det er viktig at ein gjer seg kjent med kvarandre sine organisasjonsstrukturar og -kulturar og respekterer desse når ein skal sette i gong eit samarbeid. Godt samarbeid betingar at ein kjenner kvarandre sine styrkar og svakheiter, at ein samhandlar som likeverdige og dreg nytte av kvarandre sine ressursar. Kommunen må imidlertid også å ha forståing for at lag og organisasjonar i periodar ikkje kan bidra på grunn av manglande menneskelege ressursar.

Følgjande må ligge til grunn for å sikre at frivillige kjenner seg verdsett:

- Inkluder dei frivillige i alle sider av aktiviteten ein samarbeider om
- Likeverdig behandling og like vilkår for alle organisasjonane
- Bruk kvarandre sine ressursar, spel på lag og gjer kvarandre synlege
- Bruk dei frivillige som allereie har tilbode eit samarbeid (t.d. om beredskap)
- Forstå at ulike lag har eigne rammer, organisasjonsstruktur og -kultur
- Forstå at ulike lag kan ha begrensa kapasitet og vanskar med rekruttering

5.6 UTANFORSKAP OG INKLUDERING

Det er mange faktorar som kan bidra til utanforskap i organisert aktivitet. Vi har allereie peika på økonomiske føresetnadar for både aktivitetstilbydarane og for innbyggjarar. Ein måte å hindre utanforskap knytt direkte til økonomiske forhold er å sikre tilgang på utstyr som trengs for å delta i ulike aktivitetar. Volda kommune har to BUA-sentralar der alle som vil kan låne tur-, aktivitet- og friluftsutstyr gratis. Desse er i dagleg bruk av både skular, lag og enkeltpersonar, og det er det mogleg å kome med innspel på naudsynt utstyr som BUA kan kjøpe inn og tilby for utlån.

Utanforskap er ikkje alltid like lett å få auge på eller å handtere og førebyggje. I kartlegginga, under kategorien *personar med funksjonshindringar*, svara over halvparten av frivillig sektor at “laget vårt er ope for alle, ingen har møtt hindringar så langt”. Dette er ikkje noko vi kan slå oss til ro med, for det kan ha bakgrunn i at få menneske med funksjonshindringar har prøvd å bli med fordi dei antek at laget ikkje har høve til å tilrettelegge etter deira behov. Kartlegginga viser imidlertid at fleire ønskjer å tilrettelegge betre for denne gruppa, men at både kompetanse og økonomi er faktorar som gjer dette vanskeleg. Når det gjeld tilrettelegging og fokus på inkludering for menneske med funksjonshindringar har kommunen vår mykje ugjort, og her trengst det både sterkare fokus, kompetanseløft og haldningsendring.

Utanforskap er ikkje alltid knytt til funksjonshindringar eller økonomi. Kulturelle forskjellar, sosial status, arbeidssituasjon og geografi kan også skape barrierar for deltaking. Dette er

viktige faktorar som frivillig sektor treng kunnskap om. Det gjeld ivaretaking, inkludering og rekruttering av både frivillige og brukarar av tenestene/tilboda. Frivillig sektor har ytra ønskje om å få auka kompetanse kring inkludering- og rekrutteringsarbeid.

Følgjande må prioriterast for å hindre utanforskap og sikre inkludering i frivillig sektor:

- Styrke og vidareutvikle BUA-sentralane
- Informasjonsdeling og synleggjering av behov for menneske med funksjonshindringar
- Kompetanseløft for frivillige organisasjonar (kurs i tilrettelegging og inkludering av menneske med funksjonshindringar)
- Kompetanseheving for frivillige organisasjonar innan inkludering- og rekrutteringsarbeid på generelt grunnlag

5.7 RAMMER FOR FRIVILLIGSENTRALANE

I kapittel 3.5 om frivilligsentralane er det vist til forskrifta om tilskot til frivilligsentralar nemnt. Denne er til ei kvar tid gjeldande, og må takast omsyn til når kommunen legg føringar for drift av frivilligsentralane. Forskrifta er romsleg og sentralane står rimeleg fritt i organiseringa av sitt arbeid, men eit viktig punkt i forskrifta er “lokal forankring”. Aktivitet og frivillig innsats skal skje på dei frivillige sine premisser, og vere tilpassa det område den enkelte sentralen har sitt virke i. Det er på den måten naturleg at dei to sentralane i kommunen er ulikt drifta, har ulike ansvars- og satsingsområde, men at dei også har samarbeid kring enkelte oppgåver og satsingar.

Kartlegging- og innspelsrundane viser eit sprik i ønskjer og behov frå frivillig sektor når det gjeld frivilligsentralane sin funksjon. Vedlegg 10. Sentralane kan ikkje femne om alt og må konsentrere innsatsen mot tiltak som treff behova best, både hos innbyggjarar og frivilligheita, med bakgrunn i kommunen sine satsingsområde. Oppgåver og satsingar vil soleis også vere i stadig endring.

Frivilligsentralane skal kunne bidra med kurs og rettleiing kring rekruttering, økonomi, prosjektgjennomføring og anna som viser seg naudsynt for å byggje ein sterk og uavhengig frivillig sektor i Volda kommune. Frivilligsentralane kan også drive eigne aktivitetar med enkeltfrivillige der ein ser behov for det, dersom ikkje frivillige lag og organisasjonar har høve til å dekke eit behov i lokalsamfunnet.

Eit middel for betre samhandling mellom kommunen og frivillig sektor kan vere å gje frivilligsentralane ein heilheitleg koordinerande funksjon i samarbeid mellom kommune og frivillig sektor. Dette føreset imidlertid at frivilligsentralane ligg både fysisk og organisatorisk plasserte slik at dei er i stand til å utøve eit slikt arbeid. Frivilligsentralane må vere lett tilgjengeleg for frivilligheita, og dei må få både nødvendig informasjon, fagmynde og status i kommuneorganisasjonen. Det er og viktig at frivilligsentralane har tilgang på lokalitetar som stemmer overeins med funksjonen til sentralen.

6. OPPFØLGING AV PLANEN

Å drive med samfunnsutvikling, det klarer ingen åleine. Å få til god samhandling på tvers av sektorar og tenester klarer vi heller ikkje åleine. Dette er eit felles ansvar som alle må ta del i.

Temaplanen for frivilligheit gir berre eit lite innblikk i utfordringar, samarbeids- og samhandlingspotensiale mellom kommunen og frivillig sektor. Ein må ta til vitande at frivilligheita er i stadig endring slik som resten av samfunnet, og at andre tiltak og verkemiddel kan bli naudsynt når samfunnet møter andre utfordringar i tida framover.

Når ein skal følgje opp planen må frivillige lag og organisasjonar inviterast til samhandling med kommunen der det er relevant og av verdi for begge partar.

Iverksetting av tiltak som følgje av planen, som medfører økonomiske konsekvensar, må sjåast i samanheng med Volda kommune sitt arbeid med økonomiplan. Vidare handlar dei

tilrådte retningslinene i hovudsak om at kommunen må endre arbeidsmetodar for å ivareta frivilligheita.

KJELDER

Rapport frå Distriktssenteret og Norges Frivilligsentraler:

<https://ideas2evidence.com/sites/default/files/Frivilligsentralen%20i%20tjenesteutvikling%20i%20distriktkommuner%20-%20levert%20version.pdf>

Folkehelselova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>

Meld. St. 10: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-10-20192020/id2682361/>

Meld. St. 15: [Stortingsmelding 15](#)

[Fritidserklæringen](#)

[Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor](#)

Helsedirektoratet, rundskriv: <https://www.helsedirektoratet.no/rundskriv/rettslige-rammer-for-samarbeid-mellom-helse-og-omsorgstjenesten-og-frivilligheten>

<https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/frivillighet/innsiktsartikler/Frivilligsentraler1/id2000850/>

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034: [Kommuneplanen sin samfunnsdel](#)

KS, samskapende sosial innovasjon: <https://www.ks.no/fagomrader/innovasjon/framtidaskommune/samskapende-sosial-innovasjon/>

[Lov om register for frivillig virksomhet](#)

Frivillighet Norge: <https://www.frivillighetnorge.no/fakta/n%C3%B8kkelfakta-om-frivillighet>

VEDLEGG

Oversikt lag og organisasjonar, vedlegg 1

Hus og anlegg, vedlegg 2

Forskrift om tilskot til frivilligsentralar, vedlegg 3

Kartlegging frivillig sektor, vedlegg 4

Kartlegging næringsliv/støtte til frivillig sektor, vedlegg 5

Medverknadsverkstad Volda Frivilligforum, vedlegg 6

Innspel frå politiske utval og råd, vedlegg 7

Dei frivilligpolitiske boda, vedlegg 8

Temaplan frivillighet, høyringsdokument

Eksisterande verkemiddel i Volda kommune, vedlegg 9

Innspel om frivilligsentralane sin funksjon, vedlegg 10